

80 års jubilant vart feira med korpsmusikk.

14.05.2017



Uskedal musikklag kom til Klammeren i går og spelte for 80 års jubilanten Gunnar Haugland.

**Gunnar Haugland frå Klammeren på Haugland fekk eit uventa besøk på 80 års markeringa i går. Uskedal musikklag kom på tunet og spelte for jubilanten. Gunnar Haugland, som bur på Rubbestadneset, var alt som 12 åring med i musikklaget. Det var i 1949. Gunnar vart på eit stemne på Os i 1958 henta inn for å hjelpe Uskedal musikklag. På den tid spelte han i musikklaget på Rubbestadneset og instrumentet hans var tenor.**

Gunnar Haugland valde å høgtida dagen sin på heimplassen i Uskedalen. Det var på mottakinga på Klammeren midt på dagen at Uskedal musikklag kom på tunet og spelte feiande korpsmusikk. Jubilanten var takksam og rørt i takketalen sin.



[Gunnar Haugland](#) var yngst i syskenflokken på Klammeren. Her er han saman med systrene sine Klara og Margrete. Gunnar var også aktiv i ungdomslaget. Han hadde rollen som dreng i spelstykke Riborgia mi Rosenberg. Mor hans laga lue med hår ned i nakken. Lua skal enno finnast i ungdomslaget sitt kostymelager.

Etter samling på Klammeren var det frammøte på Haugland skulemuseum der det på vanleg måte vart gjennomført ei skuledag frå den tida det var skule på Haugland, før skulen vart nedlagd i 1966. Mange i skulestova hadde gode minne frå elevtida si på Haugland. Elevdugleiken var god og alle som vart spurde i lekse i går, kom godt frå oppgåva, anten det var høyring i salmeverset, skjønnskrift på tavla eller om ein vart spurde ut om dei norske fjordane i Landkunna.

80 års dagen til Gunnar Haugland vart avslutta med fest i Helgheim for 70 inviterte gjester.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kjell Magne Haugland